



Årsrapport 2014

Finnås Kraftlag SA



Me e' der når nåke skjer!

Visjonen skal visa at me vil vera nær kunden, og stå til teneste i alle situasjonar.

I Finnås Kraftlag skal me vera:

Servicevenlege: Me står til teneste for kundane og kvarandre, med fleksibilitet og godt humør

Dyktige : Me utfører oppgåvene våre med solid fag- og lokalkunnskap

Rettskafne : I små og store saker skal det synast at me er rettferdige, ærlege og til å stola på

Offensive : Me møter utfordringane våre offensivt og løysingsorientert

2014


På veg inn i framtida

Finnås Kraftlag står føre stor utfordringar og moglegheiter i åra som kjem. Styresmaktene har varsla om omfattande endringar i rammevilkår og marknadssystem.

I mai la Reiten-utvalet fram ein rapport om framtidig nettorganisering i Norge. Utvalet kjem med ei rekke forslag som vil slå uheldig ut for små- og mellomstore selskap. Mellom anna er det foreslått selskapsmessig- og funksjonelt skilje. Det betyr at nettrelatert verksemd må etablerast i eige selskap, skilt frå øvrig verksemd. Om dette blir vedteke, vil det kunna få store konsekvensar for Finnås Kraftlag. Kostnader med å opprette konsern vil vera store, særleg når personell ikkje kan disponerast effektivt på tvers av selskapa. Utvalet foreslår også endringar i inntektsramme-systemet, nokon som også vil få negative økonomiske konsekvensar for Kraftlaget.

Hovudargumentet i Reiten-rapporten er å sikra nøytralitet og konkurranse, og unngå kryssubsidiering. Finnås Kraftlag meiner det finnes andre gode verkemiddel for å oppnå dette.

Olje- og Energiministeren har uttalt at han ynskjer færre nettselskap, og dersom tiltaka i Reiten-rapporten vert vedtekne, vil dette truleg verta ein realitet. Det vert hevda at store selskap er meir robuste til å møte framtidige utfordringar i nettet. Finnås Kraftlag meiner at små selskap kan vera like godt rusta til å møte framtidige utfordringar. Nedsida ved store sentraliserte selskap er svekka beredskap og forsyningstryggleik i distrikta. Eit lokalt kraftselskap sikrar at kapital vert investert tilbake til lokalsamfunnet. Ein ser også at lokale nettselskap tar eit stort samfunnsansvar. Fibersatsinga er eit godt døme. Me ventar i spenning på det endelege utfallet av desse prosessane.



Nils Gunnar Gloppen
Elverksjef

Innføring av ny marknadsmodell der kraftselskapet blir kunden sitt einaste kontaktpunkt, vil også påverka oss som selskap. I dag er det nettselskapet som har kundekontakt. I framtida vil truleg all kundekontakt skje via kraftleverandøren.

Om nokre år vil du som kunde få høyra mykje om AMS. AMS står for Avanserte Måle- og Styringssystem. Styresmaktene har vedteke at AMS skal installerast hos alle straumkundar i heile Norge. Kunden vil i framtida sleppa å lesa av og senda inn målaravlesinga si til Kraftlaget. Avlesingane vil skje på timebasis, og laga opning for fleire nye tenester for straumkundane. Alle måleverdiane skal samlast i ein stor felles database. Dette skal gjera det endå lettare å skifta kraftleverandør, og få tilgang til tenester knytt til energisparing osv. For nettselskapet vil AMS og automatisk måling bety betre kontroll over nett og forbruk. Ein vil få betre grunnlag for avgjersler om investering og drift, og kan enklare oppdage feil. Ordninga skal vera på plass innan 1. januar 2019. Det er sagt at dette vil vera den største moderniseringa i straumnettet nokon gong.

Finnås Kraftlag vil nytta 2015 til å gjera eit grundig strategiarbeid. Me vil sjå på kva konsekvensar endringane vil få for selskapet vårt, og gjera dei nødvendige strategiske grep for å sikra eit fortsatt lokalt kraftselskap, til beste for alle innbyggjarane i kommunen vår.

Me er på veg inn i framtida og klare til å møte nye utfordringar og moglegheiter.


Om Finnås Kraftlag

Føremål

Finnås Kraftlag SA er eit allmennyttig samvirke med skiftande medlemstal og kapital.

Føremålet til selskapet er å fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i konsesjonsområdet, eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning, omsetja elektrisk energi, produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg, eiga, byggja og driva breibandnett og andre elektroniske kommunikasjonsløyningar, driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet, delta i tiltak med allmennyttige føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde, og yta gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområdet.

Organisasjon



Medlemstal

Pr 31.12.2014 har Finnås Kraftlag 3377 registrerte medlemmer.

Oppgjør for partmedel:

Arbeidet med innløyning av partmedel heldt fram i 2014. Pr 31.12. er det partar med ein samla verdi på om lag 3,8 mill. som framleis ikkje er innløynte.

Personale:

Ved utgongen av året var det 31 fast tilsette og 3 lærlingar. Til saman vert dette om lag 29 årsverk eks. lærlingar.

Eigarskap i andre føretak:

Finnås Kraftlag er medeigar i SKL as med 10 %.

10 % av middels produksjon i SKL as er 160 GWh. Dette er meir enn forbruket av kraft i Bømlø.

Me er ein av 29 eigarar i driftsselskapet Validèr, som er oppretta for å stå for innsamling av måleverdiar ved innføring av AMS.

Grønn Kontakt er ein nasjonal operatør av eit nettverk for lading av el-bilar. Nettverket kan tilby lading i store delar av landet.

Eigedomar:

Administrasjonsbygg med lager, garasje, kaldlager/ stolpelager og carport, har ei samla grunnflate på 3077 m².

Tomta er på omlag 12 da. med omlag 2 da. grøntanlegg.

Ekornsæter stasjon

Stasjonsbygget er på 117m² og utstyrt med 5 stk. 22

kV brytarfelt for utgåande linjer. Stasjonen er tilknytt fjernkontrollsystem. Deler av anlegget er eigd i lag med SKL.

Børøysund stasjon

Stasjonsbygget, med 3 utgåande effektbrytarfelt, stasjonstransformator og målefeldt med meir, er på 150 m², inklusiv kontrollrom og hjelpeanlegg. Stasjonen er tilknytt fjernkontrollsystem. Tomta er på 2 da. Deler av anlegget er eigd i lag med SKL.

Fordelingsnett

Høgspennnett

Laget hadde ved slutten av året: (2013)

•	138,8	km 22 kV luftlinjer	(149,0)
•	4,5	km 22 kV hengekablar	(4,5)
•	1,1	km 5 kV luftlinjer	(1,1)
•	8,6	km 22 kV sjøkablar	(7,6)
•	90,7	km 22 kV jordkablar	(79,2)
•	2,6	km 5 kV sjøkablar	(2,6)

Nettstasjonar:

Ved utgangen av året hadde Finnås Kraftlag 318 fordelingstransformatorar i drift, med samla yting 72.692 kVA. Transformatorane er plasserte i 305 nettstasjonar. Av desse er 52 masteanlegg, med i alt 53 transformatorar. Dei andre 252 nettstasjonane er ulike typar kioskar, som til saman inneheldt 265 transformatorar. 10 masteanlegg med plattform må renoverast før 1.1.16.

Fakta om Finnås Kraftlag

Lågspennetnett:

Ved slutten av året består nettet av: (2013)

- 394,925 km luftlinjer, medrekna (405,819) veglysinjer
- 286,000 km jord- og sjøkablar (257,835)

Breibandsnett

Status pr. 31.12.14

- ca 715 km fiberkabel (Ein auke på 38km)
- 16 stk nodestasjoner
- 4032 stk privatkunder tilknyttet nettet
- 160 stk bedriftslinjer
- 23 stk kommunale lokasjoner

Veglys:

Ved årsskiftet er det i drift 2142 kommunale vegljøs-punkt langs offentlig veg. Av disse er 41 nye i 2014. I tillegg kjem vegljøsinstallasjon for Hordaland Fylkeskommune. Disse installasjonene er registrert som egne installasjoner, med måling. Ein mellombels avtale regulerer samarbeidet om vedlikehold av vegljøs, som Bømlo kommune har økonomisk ansvar for.

Medlemskap i organisasjoner

Laget er tilslutta Kommunenes Sentralforbund, EnergiNorge, Opplæringskontoret HSO, Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet REN, IFER; InteresseFelleskapet for Energiverkene i Regionen og Bømlo Næringsråd.

Energi- og effektuttak

Tabellen nedanfor viser energiuuttak og effektuttak dei seinare åra, registrert i leveringspunktene våre, Ekornsæter og Børøysund stasjoner, samanlikna med kundemassen.

	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Energiuttak	155,3	170,9	155	166,4	167,7	157,5
Effektuttak	33,91	36,35	32,36	34,92	37,63	33,64
Antal nettkunder	7172	7306	7441	7483	7652	7794

Maksimaluttaket i effekt vart målt til 33,64 MW, målt i januar måned 2014

Oversyn over overføringer

	2014	2013
Max effekt (kW)	33,64	37,63
Energiuttak (kWh)	157.523.096	167 718 665
Brukstimer (t)	4 683	4 457
Samla overføring (kWh)	149.488.159	158 016 496
Samla energisal (kWh)	110.008.169	114 817 294
Overføringstap	8.034.937	9 702 169
Overføringstap i %	5,1%	5,8%

Nettkunder

Ved utgangen av året var det 7794 kunder tilknyttet nettet, medrekna vegljøs og mellombels anlegg. Nettoauken av nye kunder gjennom året er 142.

Straumprisar gjennom året

Kraftpris

Finnås Kraftlag sin gjennomsnittlege kraftpris til kundane, inkl. avgift for 2014 har vore 30,38 øre/kWh (38,112 øre/kWh i 2013).

Snittprisen i Sunnhordland var 33,36 øre/kWh.



Netteleige

For hushald var Finnås Kraftlag sin nettleigetariff 53,4 øre/kWh (53 øre/kWh i 2013), inkl. 12,39 øre/kWh i el-avgift og 25 % mva.

Snittpris i Sunnhordland 61 øre/kWh.

Summen er berekna ut frå eit forbruk på 20 000 kWh pr. år.

Kraftsal



Styret

Styret har vore samansett slik:

Styreleiar: Torleiv Fylkesnes
Nestleiar: Anne-Beth Njærheim
Styremedlem: Ove Grønås
Styremedlem: Martin Laurhammer
Styremedlem: Eli Furnes
Styremedlem: Signe Lund Jansen
Styremedlem: Tove Lise Aasheim, vald av dei tilsette

Observatør frå Bømlo kommune: Odd Harald Hovland

Vararepresentantar:

1. varamedlem: Haldri Karin Engenes
2. varamedlem: Karl Totland
3. varamedlem: Haldis Hovland

Vara for dei tilsette: Rune Nesse

Vara for kommunen sin observatør: Sissel Johnsen

Generelt

Verksemda

Finnås Kraftlag sitt forsyningsområde er Bømlo kommune, med unntak av Brandasund. Verksemda vår er retta mot nettdrift og kraftomsetning, og mot utbygging og levering av breibandtenester til medlemmane. I føremålsparagrafen er det formulert slik:

Føremål

Finnås Kraftlag er eit allmennyttig samvirke med skiftande medlemstal og kapital.

Føremålet til selskapet er å:

- fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i konsesjonsområdet
- eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning,
- omsetja elektrisk energi
- produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg
- eiga, byggja og driva breibandnett og andre elektroniske kommunikasjonsløyserar
- driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet
- delta i tiltak med allmennyttige føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde, og
- yte gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområde

Finnås Kraftlag sel kraft berre til medlemmane sine, og andre kundar i forsyningsområdet.

Som netteigar driv Finnås Kraftlag distribusjon av kraft hovudsakleg på 22 kV-nivå og på lågspent. Mindre område er forsynt på 5kV. Høgspennettet fordeler seg med ca. 62 % luftlinjer og ca. 38 % kabel.

Finnås Kraftlag sel tenestene frå Altibox, i eit samarbeid med Haugaland Kraft. Desse tenestene er svært viktige for informasjonsutvekslinga til/frå Bømlo, via TV, telefon og Internett.

Vidare drift

Rekneskapen er sett opp under føresetnad av vidare drift. Styret stadfester at denne føresetnaden ligg fast.

Arbeidsmiljø og personale

Ved årsskiftet har Finnås Kraftlag totalt 29 årsverk, fordelt på 31 faste stillingar og tre lærlingar.

Fråværsprosent: 5,4 %.

Finnås Kraftlag er IA-bedrift.

Me har eit godt samarbeid med YSST HMS-senter, som støttar oss med mange av dei lovpålagde HMS-funksjonane. Arbeidsmiljøutvalet har hatt to møter i 2014.

Det er registrert eitt arbeidsuhell med personskade i 2014, og to hendingar er definert som nesten-ulukke.

Likestilling

Finnås Kraftlag har som målsetting at begge kjønn skal handsamast likt.

Av dei fast tilsette er sju kvinner og 24 menn.

I styret er 3 kvinner og 4 menn.

Ytre Miljø

Finnås Kraftlag er oppteken av å ta vare på det ytre miljøet. I samband med fornying og bygging av nye forsyningsvegar, søker me å finna løysingar som er skånsame mot naturen og busetnaden. Ein tek også omsyn til mogleg helserisiko knytt til straum og kraftlinjer.

Kraftlaget har etablert faste rutinar for avfallshandtering, med kjeldesortering av papir, transformatorar, elektroteknisk utstyr, oljeavfall, kabel- og leidningsrestar, trevirke, batteri, datautstyr, osv. Alle anleggsområde vert rydda for alt materiell etter at arbeidet er avslutta.

Krafttransformatorar inneheld olje. Ved havari på transformatorar kan det skje lekkasje til naturen. Me har ikkje hatt slike hendingar i 2014.

Samarbeid med andre verksemdar

Gjennom mange år har me vore tilknytt driftssentralen hos SKL. Dette samarbeidet er eit godt bidrag til effektiv drift og overvaking av kraftnettet vårt.

IFER-samarbeidet er ein viktig møtestad og eit viktig organ for oss mindre kraftlag. Gjennom denne fellessatsinga kan me oppretthalda høg kvalitet på tenestene våre overfor kundane. Også i 2014 har AMS og HMS vore viktige tema i samarbeidet.

Innan beredskap har me hatt særleg nytte av dette samarbeidet, der ein felles koordinator er ein viktig føresetnad for eit godt beredskapsarbeid.

Me har også i 2014 levert tenester til andre kraftlag innan opplæring relatert til nettdrift, og i eit prosjekt med revisjon av internkontrollsystem i regi av IFER.

Deler av tilsynsoppgåvene vert utført i eit samarbeid med SKL, og Haugaland Kraft hjelper oss med naudsynt brannetterforsking.

Informasjon

Også for 2014 sende me ut Energikalenderen, som er ein informasjonskalender med el-tryggleiks-informasjon og påminning om avlesingsdatoar til kundane våre. Kalenderen som var rikt smykka med bilete frå Bømlø, var laga av Bømløbok.no. Kalenderen har fått god mottaking hos kundane.

Samfunnsengasjement

Dei siste 15 åra har Kraftlaget støtta lag og organisasjonar på Bømlø med om lag kr 39 mil som utdelt som allmennyttige gåver.

Finnås Kraftlag har i år hatt sponsoravtale med Bømlø Teater, og støtta fleire andre lag med sponsormidlar.

Om drifta

Nettdrift

I løpet av 2014 er alle høgspantanlegg innanfor anleggsområdet langs FV 542 Stokkabekken – Rubbestadneset driftsette. Nytt koplingsanlegg er montert i nettstasjon Brubakken, medan mastetrafoane på Innvær og i Stokkabekken er sette i kiosk på bakken. Luftlinjene mellom Stokkabekken og Rubbestadneset er demonterte, bortsett frå Rølsnesavgangen på strekninga Brubakken – Heddebakkestølen.

I samband med veganlegget i Røyksund, er det lagt ned høgspenkabel, og nettstasjon Skogbu er flytta på bakken. Nettstasjon Myro på Goddo laut flyttast grunna veganlegg, og er sett i kiosk på bakken. BVA hadde trong for 400V-forsyning ved Hollundsvatnet, og ny transformatoriosk vart etablert. Kravet om nedbygging av gamle masteanlegg førde til at transformatorane Myro – Lykling, Urdo og Sjakto vart plasserte i kiosk.

Nettstasjon Servogear er skifta ut for auka kapasitet og ombygging til 400V –forsyning, og i Kvednavika er koplingsanlegget skifta, og ein større transformator sett i drift.

Det er sett i drift nye nettstasjonar for krinsane Agakrysset, Hollund barnehage og Matre Maskin.

Me hadde ein netto tilgang på driftsette høgspenkablar på 7,9 km, medan netto avgang på høgspenktlinjer er 6,8 km.

Lågspenktettet er bygd om og forsterka i dei krinsane der det er sett inn nye nettstasjonar.

Anlegg under arbeid, planar:

I lag med BVA er Kraftlaget i gang med eit større arbeid for å leggja høgspentanlegga i området Brekke – Sæverud – Øyero i bakken.

Ved årskiftet var nettstasjon Klæret klar for å setjast i drift, saman med ein ny nettstasjon for Handelshuset.

I samband med veganlegga Stokkabekken – Siggjarvåg og Hestaneset – Tjong vert det omfattande omleggingar. I Foldrøyområdet vert nettstasjonane Foldrøy aust og Foldrøyfeltet nord knytta saman med ein ny jordkabel, slik at luftlinja inn til Foldrøyfeltet kan fjernast for å gi plass til veganlegget. Ein liknande operasjon er i gang i trafokrins Grutle nord. Det vil bli lagt høgspenkabel i vegtraséane. På sikt vil dette gjera det mogleg å fjerna mykje høgspenkt luftnett, og skapa ei sikrere straumforsyning.

Driftsavbrot

I 2014 har lynet sluppe seg laus over Finnås Kraftlag sitt nett i større grad enn det me har vore vane med dei siste åra. Tilsaman 48 registrerte driftsavbrot i høgspenktettet er ganske normalt, men 22 trafohavari frå tidleg på sommaren fram til jul, er uvanleg mykje.

To av avbrot skuldast utfall i overliggande nett, og 10 avbrot var det ein reknar som kortvarige, dvs kortare enn 3 minuttar, i hovudsak årsaka av lyn og fugl.

Det har vore skifta HS – sikringer i 16 trafokrinsar, det er registrert 3 feil i ventilavleiarar, 2 feil i kabelskøyter og ein feil på grunn av skade på kabel ved driftsetjing. Det vart og registrert 3 feil i brytarar, og ein lupfeil.

Nettleige

Finnås Kraftlag si totale nettleige (ved forbruk på 20 000 kWh) i 2014 var 53,4 øre/kWh, inkl. 12,39 øre/kWh i el-avgift og 25 % mva.

Rabatt

Etter budsjettert inntektsramme var det lagt opp til ein rabatt til kundane på 2,5 øre/kWh inkl. mva. Den endelege ramma gav ein rabatt på 1,6 øre/kWh inkl. mva. Samla rabatt inkl. mva var kr. 2,5 mill. Rabatten vert gitt for at delar av utbytte frå SKL skal koma kundane direkte til gode.

Breiband

I 2014 vart 392 nye kundar knytte til fibernettet vårt. Me har no totalt 4 032 privatkundar tilslutta fibernettet. Saman med Haugaland Kraft og andre kraftlag rundt oss, er det no totalt omlag 31 000 private kundar kopla til fiber. Me opplever eit jamt tilsig av nye kundar, både frå fritids- og einbustader. Det er spennande og utfordrande at mykje av tilveksten i nye kundar skuldast eldre brukarar som loggar seg på Internett for første gong. Nelly Meling på 94 år, vart vår kunde nr. 4000, og Haugaland Kraft sin kunde nr. 30 000.

Det er tydeleg at kundane styrer TV-dagen sin meir sjølv. Me kan merka det ved at meir enn 50 % av kundane har opptaksfunksjon på dekodarane sine. Dei fleste husstandane har òg gjerne to TV-dekodarar. Me merkar at det er ein liten nedgang på kundar som vil ha den gode gamle fast telefonen, men framleis har 50% av kundane våre fast-telefon som ein del av abonnementet sitt. Mange nyttar også den gratis tilgjengelige tenesta med å kunna sjå på TV-kanalar på nettbrett, mobiltelefoner og pc, for dei som har TV-abonnement (Altibox TV-overalt).

Kapasiteten for breibandsnettet inn og ut av øya er på 10 Gb, begge vegar. Gjennomsnittleg bruk ligg for tida på 3,5 Gb inn til oss, og 1,6 Gb ut av området. Kapasitetsbruken aukar jamt og trutt, og vert nøye overvaka, slik at me kan auke denne ved behov.

Drift av fibernettet

Fibernettet har vore stabilt og utan særlege feil eller skadar i driftsåret. Nokre mindre viktige kablar er blitt skada av gravemaskinar, og berre eit avgrensa antal kundar har vorte skadelidande.

Det siste året har me røynt ein ny form for truslar mot systema våre i form av DDos angrep (internett angrep). Desse angrepa skadar ikkje dei fysiske anlegga, men gir dårlegare tenester over kortare tidsrom på 2 til 30 minutt for ein eller fleire kundar. Utfordringane som desse angrepa forårsakar, vert handtert av Altibox i Stavanger. Ein stor milepel for breibandsnettet vårt, er nådd, då det er på plass ei reservelinje ut av øya, mot Fitjar, med automatisk redundans for alle Altibox-kundane våre. Dette betyr at me no har 2 aktive føringsvegar for Altibox-linjer til og frå Bømlo. Dette fører til at vår leveringstryggleik er auka monaleg.

Plan for 2015

Stor pågang av nye kundar gjer det utfordrande å halda kort leveringstid. Me prøver så langt råd å halda leveringstida på 3 veker. Dei nye veganlegga i Bømlapakken stiller krav til oss med tanke på planlegging og installasjon av nye føringsvegar for fibernet. For tida er det traseen Siggjarvåg – Stokkabekken og Tjong - Hestaneset som krev oppfylging. Fibernettet krev kontinuerleg vedlikehald. Mellom anna skal tidlegare luftkursar flyttast over i nye føringsvegar lagt i røyr i vegtraseane. Dette er ei utfordring med dei mannskapa me har tilgjengeleg, og me må leiga

inn noko ekstra personell.

I samarbeid med dei andre breibandselskapa i regionen, arbeider me kontinuerleg med utvikling av reserve forsyningsvegar for breiband. Dette kjem alle kundane i regionen til gode.

I 2015 skal også leverandør-kontraktane våre med Haugaland Kraft og Altibox reforhandlast.

Kraftomsetning

Finnås Kraftlag sel forbruksvegd spotpris med påslag, kalla kraft til innkjøpspris, eller til fastpris.

2014 tok til med ein spotpris på 24,5 øre/kWh. I veke 4 var spotprisen den høgaste for året med 30,7 øre/kWh. I veke 21 var spotprisen lågaste for året med 11,7 øre/kWh. Den gjennomsnittleg spotprisen for heile året var på 22,8 øre/kWh mot 29 øre/kWh i 2013

Fjernvarme

Finnås Kraftlag har etablert varmeanlegg i byggefeltet på Stavlandsneset, i Bygdatunet og i Bømlo kulturhus.

Det lokale el-tilsyn, DLE

DLE har i 2014 gjennomført tilsyn med bustader, naust, hytte og verksemder. Kontrollane som vart utførte retta seg mot nyanlegg og periodisk, samt verifikasjonar av verksemder. Det har også vore gjennomført tilsyn i lag med Arbeidstilsynet og på byggeplassar i eigen regi. Ved byggeplasskontrollar har målgruppa vore både lokale og utanlandske aktørar.

Totalt vart det utført 243 tilsyn ved nye/periodiske bustadar, rorbuer, naust og hytter. Det har også vore utført 25 verifikasjonar der ein har hatt stort fokus på kommunen sine bygningar. Totalt er det 6905 tilsynsobjekt under det lokale eltilsynet i vårt område. Av desse er 5829 private anlegg, bustader og liknande.

I 2014 vart det ikkje utført systemrevisjon av elektro installatørar, men dei har fått tett oppfølging og tilbakemeldingar av utført arbeid.

Det har vore 17 brann/tilløp til brann i bygningar som er meldt til brannvesenet i 2014. Til samanlikning var det 6 brannar i bygningar som vart meldt til brannvesenet i 2013. DLE ved Finnås Kraftlag nyttar seg av Haugaland Kraft sin spesialkompetanse ved brannetterforskning.

Informasjonsarbeid

Ved bustadkontrollane vart det gjennomført gjennomgang av brosjyrar med elsikkerhet som tema. Det vart også gjeve informasjon undervegs i kontrollen om bruk og vedlikehald av elektrisk utstyr, samt informasjon om heimesida til Finnås Kraftlag der ein finn elsikkerhets-portalen. DLE deltar også aktivt med ulike verkemiddel for å bidra til auka el-tryggleik. I samband med dette har DLE prosjekt/aksjonar i samarbeid med og i regi av DSB, Brann/Feiarvesen og Arbeidstilsynet. Eksempel på dette er «Aksjon Bustadbrann», «Brannvernets Dag»,

«Risikoaksjon», «Aksjon Komfyrvakt» og eigne prosjekt for mellom anna utleigar i hybel/leilegheit bransjen. Medarbeidarar i heimesjukepleien er også ei viktig målgruppe for DLE vedrørende brann og el-tryggleik heime hos dei eldre.

Diverse

DLE har hausten 2014 vore gjennom ein overgangsfase på personellsida. Dette har medført at ein god del tid og ressursar har gått med til opplæring.

Energimålarar

I 2014 er det sett opp 145 energimålarar i nye anlegg. Det er samstundes skifta målarar i 72 eksisterande anlegg. Hos 135 bedriftskundar hentar me inn forbruksdata elektronisk

kvar veke.

For å oppfylle krav frå Justervesenet, har Finnås Kraftlag eit samarbeid med firmaet Istad Noreg AS, på Tiller i Trondheim, om kvalitetssikring av målarparken vår. I driftsåret er ingen målarar sendte inn for kontroll. Dette har samanheng med føreståande målarskifte ved innføring av AMS.

Forsking og utvikling

Gjennom medlemskap i EnergiNorge, er Finnås Kraftlag med på felles forskings- og utviklingsprosjekt for bransjen.

Framtidig utvikling

Finnås Kraftlag står ovanfor store endringar i åra som kjem, som vil påverka selskapet betydeleg.

Reiten-utvalet har kome med sine tilrådingar om «eit betre organisert straumnett», og foreslår mellom anna selskapsmessig- og funksjonelt skilje. Om dette blir ein realitet, vil det påverka organiseringa av verksemda vår. Regjeringa har signalisert at færre nettselskap er ei målsetting. Bransjen står ovanfor store teknologiprojekt. I februar 2017 skal det etablerast ein felles norsk datahub for måleverdiar. Dette vil bety store endringar for nett- og kraftselskap i Noreg. Alle selskap må endra system og prosessar rundt måleverdiar, kundeadministrasjon og avrekning. I tillegg har styresmaktene vedteke at det innan 01.01.2019 skal etablerast avanserte måle- og styringssystem, AMS, hos alle straumkundar i Noreg. Alle våre kundar vil få installert ein ny straummålar i heimen sin. Det er venta auka krav til kundeservice i samband med AMS, og nettselskapa må truleg bruka meir ressursar på å følgje opp og tilpasse seg eit detaljert regelverk. Bransjen står ovanfor endringar i marknadssystem. Det er snakk om å etablere ein felles nordisk sluttbrukarmarknad, og ein skal over på ein såkalla leverandørsentrert modell. Det siste betyr at det i framtida vil vera kraftleverandørane som skal ha all kundekontakt mot sluttbrukar.

Samla sett vil alle desse endringane stille store krav til oss som selskap og påverka kvardagen vår i tida som kjem. Korleis den nye kvardagen vil bli for Finnås Kraftlag er ikkje lett å vita noko om. Det er likevel sikkert at ein del av arbeidsoppgåvene våre vert endra. Me følgjer utviklinga nøye framover.

Det pågår no ein strukturdebatt i bransjen, og ein del selskap jobbar med fusjonsplanar eller planar om omstrukturering. Finnås Kraftlag eig 10% i SKL AS. Dette selskapet har inngått intensjonsavtale med Haugaland

Kraft om å gjennomføre ein transaksjon som medfører at SKL overtar Haugaland kraft sine produksjonsanlegg, medan Haugaland Kraft overtar nett- og marknadsselskapa til SKL. Dette betyr at SKL vil bli eit reindyrka kraftproduksjonsselskap. Målsetjinga er at transaksjonen skal vera gjennomført innan 01.01.2016. Partane jobbar i desse dagar med verdsetting og forhandlingar. Kva konsekvensar dette vil få for Finnås Kraftlag sitt eigarskap, er på det noverande tidspunkt uavklart.

På driftssida er det stor aktivitet og det er forventa auka behov for nett-investeringar i åra som kjem. Omkring 1980 starta eit omfattande arbeid med fornying av kraftnettet vårt. Dette arbeidet har pågått kontinuerleg sidan. Framleis står noko av det gamle høgspennetnettet frå utbyggingstida att. Ei fornying av dette nettet vil ha høg prioritet.

Dei store vegprosjekta i Bømlopakken vil i mange år framover krevja stor innsats og store investeringar i nettet vårt. For ein del føl dei nye vegtraseane linjene våre, og det er naturleg å byggja om og leggja linjene i kablar i veganlegget. Ei slik omlegging gir òg eit sikrare nett med tanke på lyn og storm. Mange vil sei at det er ein miljøgevinst at linjene forsvinn.

Ein ser også ein trend med aukande effektuttak. Stor auke i antall el-bilar og varmepumper påverkar utviklinga i effektuttaket og medfører nye utfordringar for nettet.

Samfunnet er heilt avhengig av robust energiforsyning og breiband. Sjølv om me opplever ei jamn betring i forsyningstryggleik er ein blitt meir sårbar for avbrot. I framtida vil me truleg også oppleve auka utfordringar knytt til vêr og klima. Ekstremvêret Nina ga oss ein smakebit på dette. Dette betyr auka krav til beredskap, noko selskapet vil ha stort fokus på framover.

Rekneskap

Styret meiner den framlagde rekneskapen er dekkande for selskapet si stilling og resultat pr. 31.12.14.

I 2014 var Finnås Kraftlag sine driftsinntekter 120,7 mill.kr mot 128,5 mill.kr i 2013. Nedgangen skuldast i hovudsak låge kraftprisar og mindre forbruk.

Driftsresultat for 2014 vart 11,1 mill.kr mot kr. 8,6 mill.kr i 2013. Driftskostnadane er redusert med 5,3 mill.kr som følgje av planendingar for pensjon. Årsresultat før skatt vart 26,5 mill.kr og resultat etter skatt 23,6 mill.kr. Tilsvarende tal for 2013 var høvesvis 15,3 mill.kr og 11,4 mill.kr.

Noregs vassdrag- og energidirektorat (NVE) fastset inntektsramma (IR) for nettverksemda. For 2014 var denne 37,8 mill.kr. Til samanlikning var IR 46,9 mill.kr. i 2013. Selskapet har i 2014 hatt mindreinntekt (rabatt) på nett på 2 mill. kroner. Rabatt inklusiv mva utgjer 1,6 øre per kWh. Mindreinntekta for 2014 er avskriven. I 2013 vart ordninga med rabatt på kraft avvika, men alle kraftkundar får tilbod om å kjøpe kraft til innkjøpspris.

I 2014 har selskapet investert 29,4 mill.kr i varige driftsmidlar. Pr. 31.12.14 er varige driftsmidlar bokførte med 254,7 mill. kr. Selskapet har ein totalkapital på 320,4 mill.kr og egenkapital på 277,9 mill.kr

Styret sitt framlegg til resultatdisponering:

Overskot for 2014 er kr 23 573 494,-.

Resultatdisponering

Føreslått utdelt allmennyttige gåver	1 210 000
Overføring annan eigenkapital	22 363 494
Sum disponeringar	23 573 494

Styret føreslår at fylgjande allmennyttige gåver vert gitt:






Gåvefond disponert av styret	1 000 000
Bømlø bedehus	210 000
Sumgåver	1 210 000

For alle gåvetildelingar gjeld fylgjande:

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om bygging og den faktiske bygginga må vera komen i gang. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50 % av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart, og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.

Bremnes 25.03.2015

I styret for Finnås Kraftlag SA

